

Spinn maraton i Knarvik

KNARVIK: Førstkommande lørdag vert det medlemslørdag på Sprek og Blid, Studio Nord i Knarvik. Det vert både spinn maraton, kåring av sprekaste mann og kvinne samt squash-turnering, i tillegg til mange andre aktivitetar. Årets medlem vert også kåra.



Kven dumpa boss ulovleg?

Klokka 23.00 fredag kveld såg nokon sitt snitt til å bli kvitt eit lass gamal takstein midt i bustadområdet i Knarvik.

ATLE VAAGE

- Utruleg frekt, seier Birthe Nilsen som bur i eit av rekkehusa like ved Western Geco si verksemd. Ho opplyser at politiet er varsla om saka. Nilsen viser og til at taksteinen er av ein type

som kan innehalda eternitt.

Dottera Eilen var den som først oppdaga at noko gjekk føre seg på grusplassen like ved Motorsenteret, seint fredag kveld.

- Eg hadde vindauga ope på rommet mitt, og vart litt redd då eg høyrde ei veldig buldring.

"Vi skal ikkje sova bort sumarnatta"

LINDÅS: Det heiter ikkje DU, men VI i Aslaug Låstad Lygre sin kjende viseslager, "Vi skal ikkje sova bort sumarnatta".

I nh sin reportasje frå Lindås sogelag sin presentasjon av soge-skriptet "Mimra", kom vi i skade for å skriva "Du". -Det er mange som "syndar" her. Det har nesten vorte litt innarbeidd med å bruka "Du" i staden for "Vi", seier Inger Johanne Lygre Øvstegård, niesa til Aslaug Låstad Lygre. Ho las nokre av tanta sine dikt under sogelagssamlinga i Strilamuseet på Seim.



"Rappiar" mot penge-trøbbel

MELAND: Så gale kan det gå, om du brukar meir pengar enn du har og kjem i gjeldsproblem. Det krydde av kreative innslag då 10.klassingane i Meland onsdag presenterte sine gjeldsprosjekt. No skal "Penge Factor 2010" kårast

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

"Økonomien var på toppen, men så løsnet proppen", rappar Natt Flåm, Sindre Bratshaug, Nicholas Tveit og Stephan Roche til stor applaus frå medelevarne under framføringa av dei mange

"gjeldsprosjekt"-innsloga i Meland Aktiv.

Tiandeklassingane frå Rossland og Meland ungdomsskule har igjen hatt fokus på pengebruk og gjeldsproblem i haust. Videosnuttar, powerpoint-presentasjonar og rap har den same bodskapen; Det løner seg å spara – i staden for å svi av pengar du ikkje har, er gjennomgangsmethodien under den felles avslutningssamlinga.

Litt "stæsje"

"En dag fikk eg tanken om å gå en tur i banken for å låne litt cash så eg kunne bruke på stæsje", rappar dei fire karane frå Rossland skule.

Dei skulle eigentleg laga ein musikkvideo, men fekk for lita tid til filminga og satsa i staden på ei "live-framføring. Den slo skikkeleg an mellom tilhøyrarane.


- Vi er blitt kjendisar over natta, smiler dei, og legg til at dei har hatt det veldig gøy med å laga rappen.

- Og vi har gjennom prosjektet lært at det kan vera lurt å planlegga godt før du brukar kredittkort, seier Natt, Sindre, Nicholas og Stephan. Dei er ikkje i tvil om at gjeldsprosjektet har vore nyttig.

"Cabbe" eller vrak

Dei har eit fengande namn – "Fetchy". Kvartetten Joachim Mehl Våge, Joakim Skaatun, Ylva Valde og Amalie Skjelvik frå Meland ungdomsskule har også laga eit filminnslag det svingar av. Dei har laga ein film som klart illustrerer at det løner seg å spara.

- Vi har lært å spara og bruka pengar med fornuft. Trur vi har blitt klokare etter dette prosjektet. Det er heilt opplagt eit viktig



IKKJE SVI AV: - Det kan vera lurt å planlegga

"Økonomi

tema for ungdom. Vi har fått ny



BAMSEKONSERT: Det blir bamsekonsert på biblioteket i Knarvik lørdag 16. oktober.

Bli med i bamse-orkesteret

Det er klart for bamsekonsert på biblioteket i Knarvik.

Ta med deg bamsen din og andre du er glade i. Saman kan de få oppleve den magiske strengen som handlar om musikken si makt. Her får du høyra historia om Josef og tryllefela fortald med ord og små musikkstykke av Liv Frengstad på cello.

Og du kan sjølv bli med i orkesteret. Det er berre å ta med seg eit triangel eller eitt instrument som du kan tromma på og som kan laga lyd. Kanskje erter på boks. Dei unge garde skal nemleg få vera med i Tutti orkester.

Bamsekonserten er tilrettelagt for barn i 3-5 års alderen.



DIGGAR: - De er ein fantastisk gjeng, sa kommunalsjef Stein Flataker til 10.klassingane, og "digga" dei mange kreative innsloga som vart presentert under avslutninga av gjeldsprosjektet.



STILIG BIL: - Dersom du sparar i staden for å sløsa pengane vekk kan du få råd til ein flott bil etter nokre år, seier Joachim Mehl Våge, Joakim Skaatun, Ylva Valde og Amalie Skjelvik frå Meland ungdomsskule. I dei ra videoinnslag endar hovudpersonen opp med eit vrak.

Trudde først det var jordskjelv eller noko. Då eg kikka ut såg eg billysa, og så høyrde vi nokon som snakka mykje, fortel Eilen. 12 åringer og veninna Marte Haaland Ekkeren viser Nh staden der nokon altså har funne det for godt å dumpa skrotlasset

mellom buskane.
- Det er ikkje fint, og så øydelegg det jo naturen. Ikkje skjønar vi vitsen heller, hadde dei venta nokre timar kunne dei jo berre kasta alt på gjenbruksstasjonen, seier dei to jentene som håpar nokon var sett det som hende og

tipsar politiet om kven som driv forsøpling.

FREKT: Dårleg gjort å berre dumpa boss på denne måten, seier Eilen Thorkildsen Nilsen og Marte Haaland Ekkeren frå Knarvik.



Rap - refreng

Vi brukte for mye penger
mye mer enn vi egentlig trenger
Nå har vi staten på nakken
og sover på bakken
Hadde vi følgt med litt i timen
kunne vi beholdt økonomien.

godt før du svir av kredittkort i tide og utide, seier Natt Flâm, Sindre Bratshaug, Nicholas Tveit og Stephan Roche ved Rosslund skule, som presenterte sjølvnekra gjelds-rap.

...en var på toppen, men så løsnet proppen”

kunnskap og gode haldningar, seier dei fire Meland-elevane.

Og tilbake til bilen.

- Hadde figuren vår sett pengar i

banken i staden for å sløsa dei vekk, ville ho kunne kjøra ein stilig BMW M3 Cabriolet i staden for det gamle vraket ho har i dag.

Andre igjen har laga film om ”ei shoppinghistorie” som enda gale. Nokon stod ribba tilbake etter å ha sett seg i for stor gjeld. Det mest graverande tilfellet var

då gravemaskina kom og tok huset.

Penge Factor 2010

Det beste innslaget under gjelds-

prosjekt-presentasjonen blir i rein TV-stil kåra til ”Penge Factor 2010”. Det skjer like over haustferien.

Mange vil kopiera Meland-modellen

- De er veldig heldige som bur i den kommunen som er den einaste landet som har eit så omfattande prosjekt om gjeld og gjeldsproblem i skulen, sa politibetjent Svein Arne Hatlevik til 10. klassingane i Meland.

- Mange har vist interesse for å adoptera Meland-modellen, seier kommunalsjef Helge

Kvam. Han har stått sentralt i gjeldsprosjektet for 10. klassingane sidan starten for tre-fire år sidan.

I tillegg til diplom fekk 10.klassingane overrekk kvar sin korthaldar.

- Som kan minna dykk på kva de har lært når det skal dra korsett, sa kommunalsjef Helge

Kvam.

- Gjennom presentasjonane har de vist at de har tatt bodskape. Eg trur de har lært at de skal vera forsiktige med å ta opp gjeld og ikkje kjøpa det de ikkje har råd til, sa Meland-ordførar Nils Marton Aadland.

I gjeldsprosjektet har 10. klassingane fått innblikk i blant anna

tema som forbruk og ungdom, konsekvensen av ikkje å betala rekninga i tide, korleis ein unngår betalingsvanskar, og kva ein bør gjera om ein får ei inkassosak mot seg.

